

ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Dato	25/05/2023
Vår referanse	2023/61499-2
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Peter Forras
E-post	Peter.Forras@vlfk.no
Telefon	47690029

Kulturminnefagleg fråsegn - dispensasjon - endring og riving - SEFRAK - gnr. 1 bnr. 426 - Alver kommune

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå regulert byggegrense mot kommunal veg, pbl § 29-4 avstandskrav til kommunen sin eigedom (kommunal veg), samt frå krav om felles utbyggingsplan gjeve i reguleringsplan Flatøy Aust § 2 bokstav a). Omsøkte dispensasjonar er naudsynte i samband med at det er ønske på påbygg og riving av delar av eksisterande bustad på nyetablert eigedom gbnr 1/426.

Bustaden er SEFRAK-registrert med SEFRAK-ID 1256-0204-009, merka med rødt og er truleg frå før 1850. Bygningen litt i eit relativt intakt kulturmiljø knytt til gardsbruk, og har høg verdi i seg sjølve som eit eldre våningshus som er sjelden i området. Det vert søkt om å heve taket med omlag 70 cm for å få ståhøgde på loftet og isolera mot tak. Takvinkelen vil endrast noko med heving, og ein kjem truleg i inngrep med eksisterande taksper. Vestland fylkeskommune vurderer tiltaket som ein mindre negativ endring for bygningen, som legg til rette for vidare bruk som bustad og sikring av kulturminnet på lengre sikt.

Vi rår til tiltaket, med føresetnad om at ein ikkje riv tømmerkjerna i huset og at ein ved forlenging av gavlveggar nyttar same type panel som er i dag, og at dekkbord og vindskier vidareførast i tre. Vi rår også til at ein tekkjer taket med anten vingetegl eller skifer, og at ein nyttar sinkrenner og nedløp. Vi rår til at kommunen stiller dette som vilkår dersom ein gjev løyve til endring og riving av takkonstruksjon. Vi har ingen innvendinger til at det vert løyvd dispensasjon frå byggegrense og krav og felle utbyggingsplan.

Med helsing

Karoline Hareide Breivik
leiar
KFO - Arealplan**Peter Forras**
seniorrådgjevar
KFO - Arealplan*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*